

Helse og omsorgsdepartementet
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref: Vår ref:
07/00119-22

Sakshandsamar/e-post:
Grethe Lassemo
grethe.lassemo@fyresdal.kommune.no

Arkivkode: Dato:
30.10.2007

Svar vedkomande høyring BPA

Høyring på forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse

Eldreråd og råd for funksjonshemma i Fyresdal kommune har gjort seg kjend med høyringsnotat om forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Vi forstår generelt ordninga slik at eldre ved et større tenestebehov (20 timar eller meir) kan krevje at tenester skal organiseras som BPA. Vidare ligger til ordninga økonomiske og juridiske problemstillingar.

Vi ynskjer å uttale oss om dei spørsmål som departementet er særlig interessert i å få kommentar til.

1. For gruppa eldre og dei med funksjonshemming vil i ein liten kommune som Fyresdal (ca 1350 innbyggjarar) brukarens personlege kjennskap til assistenten vere utbredt og difor ynskje om teneste organisert som BPA mindre.

Vil ordninga bety ein forbetring av tenesta vil nok eit større tal brukarar ynskje teneste organisert som BPA. Her spelar utviklinga og kjennskap til ordninga ei viss rolle.


2. På grunn av administrasjon av tenestetilbod og rekruttering av personalet bør kommunen bestemme arbeidsgjevarforholdet.

Derimot vil det vere noko av føremålet med ordninga at brukarane kan bestemme kven som skal vere assistent.

3. Pårørende og kommunen som arbeidsgjevar bør ha arbeidsledaransvaret dersom brukaren sjølv ikkje er i stand til å ivareta dette. I utgangspunkt vil pårørende vere sterkest engasjert og kjent med tenestebehovet. Kommunen har og som arbeidsgjevar eit overordna ansvar ovenfor assistentar og brukarar. Ein hjelpar kan raskt kome i situasjonar som er personleg belastande.

For Eldrerådsmedlemmane og representant for mental helse

Med helsing



Grethe Lassemo
avdelingsleiar